

Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 18/2020

Møtedato: 28.4.20

Møtestad: Slidre

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Saksbehandlar: Kenneth Monsen

Gavekort på fiske i anledning 100 års jubileum for fjellstyrene

Den fyrste fjelloven vart vedteke i 1920, og alle fjellstyrer har da 100 års jubileum no i 2020. Det er lagt opp til ei jubileumsfeiring, og i den samanheng har Noregs Fjellstypesamband komme opp med ein ide om å legge ut boksar med ein «hundreårs-gåve», som er fiskekort i 100 år til den som finn dette.

Det er tenkt at det einskilde fjellstyre finn ein god gjemmestad, og legg ut boksen når fiskesesongen er godt i gang.

Gavekortet som gis bort er eit sesongkort, og må sjølv sagt tilpassast om det er utanbygd eller innanbygd buande. Men dette gjer administrasjonen når ein ser kven som finn boksen.

Då denne gåva har ein såpass stor verdi, vert dette take opp som ei eige sak. Dette er uansett eit såpass positivt tiltak i anledning jubileumsfeiring, at ein tilrår at Vestre Slidre Fjellstyre tek del i denne felles feiringa for alle fjellstyrene.



Fjellstyrene feirer 100 år og har lagt ut 100 bursdagsgaver rundt om i våre statsallmenninger. Finner du en – vinner du gratis fiske i 100 år



Framlegg til vedtak:

Fjellstyret godkjenner utlegging av 100 års gåve som inneber gratis sesong-fiskekort i hundre år til ein person.

Vedtak:

Fjellstyret godkjenner utlegging av 100 års gåve som inneber gratis sesong-fiskekort i hundre år til ein person.

Vestre Slidre fjellstyre den 25.6.20

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: